ALVER
KOMMUNE

Dnv AS Avd Bergen
Postboks 7400
5020 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Nikolai Hydle Rivedal | Anne Lise Molvik | 06.05.2022 |
| Vår: 22/862 - 22/32658 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Referat frå førehandskonferanse - gbnr 188/20 Gjervik ytre

Førehandskonferanse er ein gjensidig orientering om rammeføresetnader for det aktuelle tiltaket og krav knytt til plangrunnlag, infrastruktur, lovverk og saksgang for søknaden. Førehandskonferansen gjev ingen binding i forhold til den vidare sakshandsaminga.

Orienteringa er gjeve på bakgrunn av dei opplysningane som er sendt inn i forkant og/eller lagt fram i møte. Vi gjer merksam på at endring i plangrunnlag, merknader frå naboar, merknader frå offentlege instansar og politiske vedtak med vidare vil kunne føra til krav om endring av prosjektet, lengre tid til sakshandsaming og endring av sakshandsamingsprosessen.

For krav til førehandskonferanse vert det vist til byggesaksforskrifta § 6-1.

Referatet skal dokumentere dei føresetnader som er lagt til grunn, og gjev grunnlag for vidare handsaming. Referatet skal sluttførast i førehandskonferansen og kommunen skal straks gjere referatet tilgjengeleg for tiltakshavar. Referatet skal følgje med som vedlegg til ein eventuell byggesøknad.

Førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste, jf. Alver kommune si gebyrforskrift.

| | |
|---|---|
| **Tiltak** | Etablering av ladeanlegg med nødvendige installasjonar for å leggja til rette for batterielektrisk drift av hurtigbåtsambandet Knarvik – Frekhaug – Bergen på Knarvik kai, gbnr 188/20 |
| **Tiltakshavar** | Skyss/Vestland fylkeskommune |
| **Ansvarleg søkjar** | |
| **Møtestad** | Teams |
| **Møtedato** | 05.05.2022, kl. 08:30 |
| **Til stades i møtet frå kunde og kommune** | Nikolai Hydle Rivedal frå DNV AS(konsulent)<br>Einar Aalen Husager frå Skyss<br>Einar Aase og Anne Lise Molvik frå Plan og byggesak |

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar si utgreiing om tiltaket** | «Skyss (Vestland fylkeskommune) forbereder en anbudsutlysning av hurtigbåtsambandet Knarvik – Frekhaug - Strandkaien (Bergen), der det er aktuelt å stille krav til batterielektrisk drift. I den sammenheng legges det opp til lading ved Knarvik kai.<br><br>I denne forhåndskonferansen vil Skyss legge fram forslag til lokalisering av installasjoner på kai, og en overordnet beskrivelse av installasjoner som kan være aktuelle. Per nå antar vi det vil være behov for følgende:<br>• Et teknisk hus med nettstasjon/transformator og elektrisk anlegg på kaiområdet, maksimalt 44 $m^2$<br>• Ladeanlegg eller batteribytteenhet på kai, maksimalt 24 $m^2$<br><br>**Beskrivelse**<br>Installasjonene er planlagt bygd på Knarvik kai, gnr. 188, bnr. 20<br>Figur 2 og Figur 1 viser henholdsvis kartutsnitt og flyfoto med foreslått plassering og dimensjoner. Teknisk hus er indikert som mørkegult rektangel. Skyss sine vurdering er at dette kan plasseres innenfor et hensiktsmessig sted innenfor det lysegule området på 236 $m^2$. Ladeanlegget må plasseres på kaikant, indikert med lilla rektangel på 24 $m^2$.<br>Som beskrevet ovenfor, vil det være operatøren som utformer byggesøknad og gjennomfører prosjektet, og de faktiske installasjonene vil være avhengig av operatørens valg og føringer fra planmyndighet.<br>I Figur 3, Figur 4 og Figur 5 vises eksempler på installasjoner som kan forventes.<br>Figur 3 viser eksempel på et teknisk hus, i enkel variant og med mindre dimensjoner enn det som er angitt som maksimale dimensjoner for dette tiltaket (plassering indikert ved grønt rektangel i Figur 2 og Figur 1).<br>Figur 4 og Figur 5 viser to eksempler på ladeinstallasjoner på kai, ved båt (plassering indikert ved rødt kvadrat i Figur 2 og Figur 1). Høyden på ladepluggen i Figur 5 kan være 5,5 m eller 8,5 m. |




*Figur 1 Kartutsnitt med plasseringer og dimensjoner*




*Figur 2 Flyfoto med plasseringer*

Det vert elles vist til vedlagte utgreiing om tiltaket.

| Sakshandsaming | |
|---|---|
| **Sakstype** | ☒ Tiltak som krev søknad, løyve og ansvarsrett jf. pbl. § 20-3<br>☐ Tiltak som krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-4<br>☐ Tiltak som ikkje krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-5<br>☐ Tiltak som vert handsama etter anna lovverk, jf. pbl. § 20-6<br>☒ Søknad om dispensasjon, jf. pbl § 19-1 |
| | Saksbehandlingstid går fram av pbl § 21-7:<br>«Søknad om tillatelse til tiltak etter § 20-2 som krever dispensasjon fra plan eller planbestemmelser, skal avgjøres av kommunen innen 12 uker. Fristen løper ikke i den tiden søknaden ligger til uttalelse hos regionale og statlige myndigheter, jf. § 19-1.» |

| | |
|---|---|
| **Tiltaksklasse SØK** | ☐ Tiltaksklasse 1 ☐ Tiltaksklasse 2 ☐ Tiltaksklasse 3<br><br>Kommunen godkjenner tiltaksklasse etter forslag frå ansvarleg søkjar. Kompleksitet og moglege konsekvensar av feil og manglar, er avgjerande for val av tiltaksklasse. Val av tiltaksklasse kan verta endra i løpet av prosessen. |
| **Nabotilhøve** | ☒ Naboar og gjenbuar skal ha varsel i samsvar med naboliste og situasjonskart, jf. pbl. § 21-3.<br><br>Tiltaket skal vera plassert minimum 4 meter frå eigedomsgrensa, jf. pbl. § 29-4, med mindre:<br>☐ Det er sett anna byggegrense i plan<br>☐ Det vert søkt om dispensasjon<br>☐ Det ligg føre skriftleg samtykke frå nabo, jf. pbl § 29-4 3.ledd bokstav b<br>☐ Kommunen kan godkjenne nærare plassering av garasjar, uthus og liknande mindre tiltak jf. pbl § 29-4 3.ledd bokstav b, jf. TEK10 § 6-4 |
| **Situasjonsplan/ utomhusplan** | Situasjonsplan må visa alle tiltaka søknaden gjeld.<br>Krav til innhald er til dømes:<br>• Målsatt med ytre mål<br>• Vise avstand til nabogrense<br>• Vise møneretning<br>• Vise byggegrenser<br>• Vise avstand til midtline til offentleg veg<br>• Vise murar/terrenginngrep |
| **Teikningar** | Det må sendast inn teikningar i målestokk. I teikningsgrunnlaget skal det leggast ved teikningar av alle fasadar, planløysing med målsett areal på rom, og snitt. Mønehøgd og gesimshøgd skal gå fram.<br><br>Ved søknad om endring av eksisterande bygg må det leggast ved:<br>☐ Fasadar og planløysing før endring<br>☐ Fasadar og planløysing etter endring, der endringar er tydeleg markert |

| | |
|---|---|
| **Uavhengig kontroll** | ☒ Obligatorisk uavhengig kontroll, jf. SAK § 14-2<br>☐ Kommunen krev uavhengig kontroll i tiltaket, jf. SAK § 14-3. |
| **Godkjenning/uttale etter anna lovverk, jf. SAK § 6-2**<br><br>Der forholdet til anna mynde ikkje er avklart ved innsending av søknad, vert søknaden sendt på høyring og/eller oversendt for vedtak etter det aktuelle lovverk. | ☒ Arbeidstilsynet<br>☐ Direktoratet for mineralforvaltning<br>☐ Brannvesen<br>☐ Forurensningsstyresmakt – Kommunal<br>☐ Forurensningsstyresmakt – Statsforvaltaren<br>☐ Friluftsstyresmakt - Kommunal<br>☐ Havnestyresmakt – Kommunal/Bergen om Omland Havnevesen .<br>☐ Havnestyresmakt - Kystverket<br>☐ Helsestyresmakt - Kommunens helseteneste<br>☐ Kulturminne – Fylkeskommunen<br>☐ Kulturminne – Bergens sjøfartsmuseum<br>☐ Sivilforsvaret<br>☐ Vegstyresmakt – Kommunal<br>☒ Vegstyresmakt – Vestland fylkeskommune Dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg som er 50 meter<br>☒ Anna Statsforvaltaren er høyringspart i dispensasjonssaker<br>Søkjar kan sjølv leggja saka fram for andre styresmakter. |
| | Det går fram av arbeidsmiljølova at «Den som vil oppføre en bygning eller utføre bygningsmessig arbeid som er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven, og som skal brukes eller ventelig vil bli brukt av virksomhet som går inn under denne lov, har plikt til å innhente Arbeidstilsynets samtykke på forhånd.»<br><br>Det er usikkert om tiltaket kjem inn under tiltak som krev løyve etter arbeidsmiljølova. Endeleg avklaring må gjerast med Arbeidstilsynet. Søkjar kan gjerne avklara dette før innsending av søknad til kommunen.<br><br>Kommunen legg til grunn at det ikkje skal etablerast tiltak i sjø og at løyve etter lov om havner og farvann ikkje er nødvendig. |

| **Plangrunnlag** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Planstatus** | ☒ | Kommuneplan | ☐ | Pågåande planarbeid |
| | ☒ | Reguleringsplan | ☐ | Områderegulering |
| | ☐ | Utbyggingsplan | ☐ | Detaljregulering |
| | ☐ | Omsynssoner | ☐ | Bygge- og deleforbod |
| | ☐ | Uregulert | ☐ | Energipolitisk handlingsplan |
| | ☐ | Lokale vedtekter | ☐ | Anna |
| **Plannamn** | Tiltaket ligg dels i område som er omfatta av reguleringsplanen felt A | | | |

Klubben, planid 1263-13021975 der det aktuelle arealet er avsett til veg, og dels innanfor område som er omfatta av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen, planid 201805, der arealet er avsett til kombinert føremål BKB 16 med underføremål forretning og tenesteyting. Aktuelt areal i sjø er avsett til friluftsføremål i kommunedelplanen. Byggegrensa mot sjø går fram av kommunedelplanen.

Utsnitt frå reguleringsplanen:




Utsnitt frå kommunedelplanen:




Stipla raud linje er kyststien som skal gå frå Alversund til Kvassnesstemma.

| | |
|---|---|
| **Planføresegner** | ☒ Krav om utarbeiding av reguleringsplan<br>Føresegn 2.2 i KDP<br>☐ Maksimal gesims-/ mønehøgd:<br>☐ Byggegrense/byggelinje:<br>☐ Frisiktsone:<br>☐ Krav til møneretning/takform:<br>☐ Krav til takvinkel:<br>☐ Spesielle krav til terreng, gjerder, murar m.m.:<br><br>☒ Anna:<br>2.6.2 i KDP: Byggegrense for nettstasjonar<br>2.6.3 i KDP: Omsyn til havnivåstigning og stormflo |
| **Rekkjefølgjekrav** | Aktuelle rekkjefølgjekrav i plan: (lim inn aktuelle rekkefølgjekrav) |
| **Utbyggingsavtalar** | ☐ Det ligg føre utbyggingsavtale datert [sett inn] for det aktuelle området |

| | |
|---|---|
| **Dispensasjon**<br><br>Dispensasjon krev grunngitt søknad. Dispensasjon må nabovarslast, enten særskilt eller saman med byggeløyve. | Dette tiltaket krev dispensasjon frå:<br>☐ Gjeldande kommuneplan/kommunedelplan for følgjande føremål/føresegner:<br>• Kravet om utarbeiding av reguleringsplan i føresegn 2.2<br>• Byggegrensa mot sjø slik<br>• Arealføremålet friluftsområde i sjø då tiltaket legg til rette for fast fortøying<br><br>☐ Plan- og bygningslova:<br><br>☐ Forskrifter:<br><br>☐ Vedtekter:<br><br>☒ Anna:<br>Byggegrensa langs fylkesveg 5454 (50 meter) |
| **Vurdering/merknad:** | I områda avsett til kombinerte føremål er det eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak kan etablerast. Det må søkjast om dispensasjon.<br><br>Tiltaket vert plassert i strid med byggegrensa mot sjø slik ho går fram av KDP. Tiltaket krev dispensasjon.<br><br>I friluftsområde i sjø har allmenn bruk og friluftsliv prioritert. Tilrettelegging for fast fortøying for lading vert vurdert å krevja dispensasjon frå arealføremålet. (føresegn 3.5.4)<br><br>Kommunen vurderer at plassering av nødvendig teknisk bygg innanfor område som er avsett til veg/trafikkareal i reguleringsplanen vil vera i samsvar med føremålet. |

| | |
|---|---|
| | Etablering av kyststi (raud stipla linje i plankart KDP) skal skje i samsvar med reguleringsplan, jf. føresegn 2.2.2 i kommunedelplanen. Vurdering av tiltaket opp mot kyststien vert ein del av dispensasjonsvurderinga mht plankravet. Det bør gjerast greie for tiltaket sin verknad i forhold til realisering av kyststi gjennom området. Behov for tilkomst til kaiområdet lenger ute bør også gjerast greie for.<br><br>Vestland fylkeskommune behandlar søknaden om dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesvegen etter veglova.<br><br>Søknad om dispensasjon kan sendast inn saman med søknad om løyve til tiltak, eller avklarast som eigen søknad i forkant. Ved innsending av eigen søknad må det liggja føre skisser av det planlagte tiltaket som viser planlagt plassering og utforming. Skissenenbør i størt mogleg grad samsvara med tiltaket som seinare skal inngå i søknad om løyve til tiltak. |

| **Infrastruktur** | |
|---|---|
| **Vatn- og avløp** | ☐ Offentleg vatn ☐ Privat vatn<br>☐ Offentleg avløp ☐ Privat avløp<br>☐ Overvasshandtering ☐ Terreng<br><br>Det må gå fram av søknaden korleis overvatn frå eigedommen skal handterast.<br><br>Privat avløp krev søknad om utsleppsløyve dersom dette ikkje ligg føre. Ved privat vatn må søkjar dokumentera tilfredsstillande vassmengd og vasskvalitet.<br><br>På kart som er vedlegg til søknad om tilknyting til offentleg nett og på kart som er vedlegg til søknad om utsleppsløyve, skal private vatn- og avløpsleidningar og tilknytingspunkt vera teikna inn.<br><br>☐ Tinglyst rett til plassering av anlegg med tilhøyrande leidningar må liggja føre<br>☐ Plassering i samsvar med plangrunnlag |
| **Vurdering/merknad:** | Omsøkt tiltak omfattar ikkje behov for installasjon av vatn og avløp |
| | Eigedommen skal ha tilkomst til:<br><br>☐ Kommunal veg<br>☒ Fylkesveg 5454<br>☐ Tilkomst i samsvar med reguleringsplan<br>☐ Tilkomst skal skje via privat veg på gbnr [sett inn]<br><br>☐ Tinglyst rett/skriftleg avtale om vegrett med alle aktuelle grunneigarar må ligga føre |

| | |
|---|---|
| **Vurdering/merknad:** | Tiltaket vil ikkje har fast arbeidsplass og genererer ikkje behov for parkeringsplass. Det vil berre vera tilsyn med anlegget. |

| | |
|---|---|
| **Visuelle kvalitetar** | I § 29-2 i pbl. står det:*"Ethvert tiltak skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering".*<br><br>☐ Krav til estetikk/tilpassing i reguleringsføresegner. |
| **Vurdering/merknad:** | |

| **Andre tilhøve** | |
|---|---|
| **Klima –og naturtilhøve** | ☐ Ras<br>☒ Flom<br>☒ Støy<br>☐ Radon<br><br>Vi minner om at tiltaket må ligge trygt for stormflo.<br><br>Det må gjerast greie for støy frå anlegget og verknad på omgjevnadane ved innsending av søknaden. |
| **Verneinteresser i området** | Registreringar av ulike fugleartar i område – artar av nasjonal forvaltningsinteresse |
| **Høgspentline** | |
| **Privatrettslege forhold** | |
| **Avstand til kommunalt leidningsnett** | Krav om 4 meter avstand, jf. standard abonnementsvilkår punkt 3.4. Plassering i strid med dette krev søknad om dispensasjon<br><br>Kan ikkje sjå at det er kommunale leidningar som kjem i konflikt med eit eventuelt tiltak. |

| | |
|---|---|
| **Oppsummering/avklaring av konkrete spørsmål og problemstillingar** | Planlagt tiltak vil krevja søknad og løyve etter plan- og bygningslova §20-1, jf. 20-3, og krev bruk av ansvarlege føretak.<br><br>Tiltaket ligg i område som delvis er omfatta av reguleringsplanen for felt A Klubben, der arealet er avsett til veg, og delvis omfatta av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen der arealet er avsett til kombinert føremål – forretning og tenesteyting. Vist plassering av tiltaket er vurdert å vera i samsvar med arealføremålet i gjeldande planar, men vil krevja dispensasjon frå kravet til utarbeiding av reguleringsplan, byggegrensa mot sjø og arealføremålet i sjø i kommunedelplanen. |

| | |
|---|---|
| | Anna:<br>Spørsmål til referatet og planlagt tiltak kan sendast på e-post til post@alver.kommune.no.<br><br>Kommunen har starta arbeidet med ny kommunedelplan for heile kommunen. Det vil verta opna for innspel til arealdelen i vår/sommar. |

Søknad om løyve til tiltak sendast til:

Per post:
Alver kommune
V/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 Frekhaug

Elektronisk
post@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Dnv AS Avd Bergen | Postboks 7400 | 5020 | BERGEN |